



Luster kommune




# Planstrategi 2020 - 2023



Vedteken av  
Luster kommunestyre  
28.08.2020  
K-sak 45/20

Dato: 09.09.2020





## **Innholdsliste**

1. Innleiing - planprosess for kommunal planstrategi.....	2
2. Folkehelseloven sett i forhold til planstrategien: .....	3
3. Dei ulike nivå i overordna kommunalt planarbeid frå planstrategi til handlingsprogram. ....	6
4. Generelt om kommunal planlegging.....	8
5. Overordna utviklingstrekk og utfordringar.....	10
6. Nasjonale forventingar og regionale føringar.....	14
7. Planstatus og planevaluering .....	16

# 1. Innleiing - planprosess for kommunal planstrategi

Kommunal planstrategi er heimla i plan- og bygningsloven § 10-1. I § 10-1 1. ledd der står det følgjande:

## Kommunal planstrategi - § 10-1

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi.

Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

I dette ligg at kommunestyret i løpet av fyrste virkeår skal lage ein strategi der ein skal prioritere korleis planressursane skal nyttast dei neste åra. I miljødirektoratet sin vegleiar for kommunal planlegging, er det mellom anna sagt følgjande:

*«Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som låg i tidlegare plan- og bygningslov (PBL 1985).*

Det som ligg i dette punktet, er at planstrategien skal definere om gjeldande kommuneplanar skal vidareførast eller det er behov for å revidere dei. Tidlegare var det eit lovmessig krav at kommunestyret ein gong kvar periode skulle ta gjeldande kommuneplanar opp til vurdering. I dette låg det at ein kunne vedta at heile eller delar av kommuneplanane skulle fortsatt gjelde. No ligg denne vurdering / dette vedtaket inne som ein del av planstrategien.

Det er også poengtert i vegleiaren at *«Planstrategien set eit strekt fokus på at planlegginga skal vere behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig.»*

Det vert her understreka at ein skal ikkje planleggja berre for å planleggja. Prosessen med planstrategi skal då synleggjere kva som er kommunen sitt behov dei neste åra, og gjennom det definere og vedta ei prioritetsrekke for planoppgåver.

Planstrategien er altså eit politisk verktøy for prioritering av kommunen sine planoppgåver. Den er retningsgjevande for kommunens planlegging, men det må understrekast at den ikkje er ein plan, og har ingen direkte rettsverknad for kommunen sine innbyggjarar.

Som ein del av grunnlaget for utforminga av planstrategien, så har kommunen samrådingsplikt med nabokommunar, fylkesnivå og statlege nivå på line med prosessane som er behandla etter plan- og bygningslova.

Samarbeidet med nabokommunane er viktig mellom anna for å kunne identifisere og avklare interkommunale planoppgåver i planperioden.

Før kommunestyret skal handsame planprogrammet, så er det eit krav om at planstrategien skal vere offentleg tilgjengeleg i minimum 30 dagar. Dette er minimumskravet når det gjeld medverknad frå innbyggjarane, men kommunen kan legge opp til breiare medverknad dersom ein finn det naudsynt. Samtidig er det grunn til å understreke at prioritering av kommunale planoppgåver er ikkje det skapar størst engasjement blant innbyggjarane generelt. Difor er det fornuftig og rasjonelt å følgje

minimumskravet her. Er det spesielle oppgåver som vekker særskild interesse, så får ein attendemeldingar om desse planane/ aktuelle tema innanfor denne 30-dagarsfristen. Administrasjonen får då gjort kommunestyret merksam på kva som er kome inn av merknadar i 30dagars perioden.

Oppsummering om den kommunale planstrategien (henta frå vegleiaren):

**Heimel:** Plan- og bygningsloven § 10-1

**Føremål:** Politisk prioritering av planbehov i kommunestyreperioden, og om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast.

**Krav til innhald:** Vedtak om gjeldande kommuneplan eller delar av denne skal reviderast, og eit underlag som viser føresetnadar for vurderinga av planbehovet.

**Prosess:** Skal innhente synspunkt frå startlege og regionale organ, samt nabokommunar. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjerast kjent i minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming.

**Vedtaksmynde:** Kommunestyret

**Tidspunkt for vedtak:** innan eitt år etter konstituering av kommunestyret og minst ein gong i valperioden.

**Verknad:** Retningsgjevande for kommunens prioritering av planarbeid.

## 2. Folkehelseloven sett i forhold til planstrategien:

Kommunal planstrategi er også nemnt i Folkehelseloven § 6, som viser tilbake til § 5. Det står følgjande:

### § 6. Mål og planlegging

Oversikten etter § 5 annet ledd skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi. En drøfting av kommunens folkehelseutfordringer bør inngå i strategien, jf. plan- og bygningsloven § 10-1.

Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplaner etter plan- og bygningsloven kapittel 11 fastsette overordnede mål og strategier for folkehelsearbeidet som er egnet til å møte de utfordringer kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten etter § 5 annet ledd.

§ 6 viser til tilbake til § 5 (jf under), der det er vist til kommunen sin plikt til å ha ein oversikt over kommunen sin helsetilstand

## § 5. Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer i kommunen

Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkningen og de positive og negative faktorer som kan virke inn på denne. Oversikten skal blant annet baseres på:

- opplysninger som statlige helsemyndigheter og fylkeskommunen gjør tilgjengelig etter §§ 20 og 25,
- kunnskap fra de kommunale helse- og omsorgstjenestene, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 3-3 og
- kunnskap om faktorer og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innvirkning på befolkningens helse.

Oversikten skal være skriftlig og identifisere folkehelseutfordringene i kommunen, herunder vurdere konsekvenser og årsaksforhold. Kommunen skal særlig være oppmerksom på trekk ved utviklingen som kan skape eller opprettholde sosiale eller helsemessige problemer eller sosiale helseforskjeller.

Departementet kan gi nærmere forskrifter om krav til kommunens oversikt.

Kommunen har altså krav på seg til å drøfte helsetilstanden i den kommunale planstrategien, og kommunen har ei lovfesta plikt til å ha kunnskap og oversikt over faktorer og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha verknad på innbyggerane si helse. Luster kommune har utarbeidd det såkalla grunnlagsdokumentet, som er eit slikt dokument som er heimla i § 6 i folkehelseloven. Følgjande utsnitt er teke frå Grunnlagsdokumentet:

*«Folkehelselova stiller som krav at alle kommunar skal utarbeide eit slikt dokument som grunnlag for anna planarbeid i kommunen. Mellom anna er det formalisert eit krav i § 6 at denne oversikta skal føreliggje ved oppstart av arbeidet med kommunal planstrategi etter plan- og bygningsloven § 10-1. Folkehelselov, med forskrift og rettleiar, set overordna krav til kva dokumentet skal innehalda, kva kjelder som skal nyttast og kva vurderingar som skal gjerast.*

***Det er viktig å presisere at dokumentet ikkje er ein folkehelseplan, og dermed ikkje inneheld tiltak og løysingar. Dokumentet skal framheve folkehelseutfordringar og ressursar slik at kommunen kan planleggja og setje i verk målretta og effektive tiltak gjennom vanlege kanalar. Dokumentet skal difor nyttast som grunnlagsdokument for arbeid med kommuneplanar og budsjett og vil bli gjort offentleg tilgjengeleg kvart 4. år i samband med utarbeiding av kommunal planstrategi.***

*Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplanar etter plan- og bygningsloven kapittel 11 fastsette overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er egna til å møte dei utfordringane kommunen står ovanfor med utgangspunkt i grunnlagsdokumentet (§6 folkehelselov).»*

Grunnlagsdokumentet er vedlegg til den kommunale planstrategien, og får sin presentasjon og politiske forankring gjennom behandling av planstrategien. Skissa under viser korleis grunnlagsdokumentet er plassert i forhold til planhierarkiet etter plan- og bygningsloven.



Planstrategien kjem ikkje til å gje nokon omfattande gjennomgang av konklusjonane i grunnlagsdokumentet, men det vert brukt som argument for nokre av prioriteringane som kjem fram av planstrategien. Ein vil likevel peike på at Grunnlagsdokumentet viser til følgjande 5 tema som kommunen bør ha særskild fokus på i det vidare planarbeidet sitt:

- Sosial ulikskap – barnefattigdom
- Psykisk helse
- Aldrande befolkning – ei samfunnsreform
- Frivillige organisasjonar – samarbeid for eit berekraftig samfunn
- Fysisk aktivitet – kosthald/ overvekt

### **Om sosial ulikskap:**

Innbyggerane i Luster kommune har høgare utdanningsnivå enn fylke- og landsnivå, men samtidig er det ein auke i inntektsulikheit i kommunen og inntektsnivået er lågare enn på landsnivå. Vi ser og ein auke i høve barn 0-17 år som bur i låginntektshushaldning. Frå 4,4% i 2013 til 7,6% i 2017 (sist tilgjengelege tal). Luster (7,6%) ligg på nivå med fylke (7,9%) og under landsnivå (9,2%), men auken frå 2013 til 2017 er større i Luster (3,2 %) enn fylke (2,3 %) og land (1,3 %).

### **Om psykisk helse:**

Psykiske lidningar er i dag ei av dei store helse- og samfunnsutfordringane i Norge, og er eit satsingsområde nasjonalt. Luster (78,1 (av 1000)) ligg over fylke (69,1) og land (71,2) i høve bruk av legemiddel til psykisk lidning. Dette gjeld særskilt bruk av antidepressiva. I tillegg er det auke av brukarar som er i kontakt med primærhelsetenesta i høve psykisk symptom og lidningar.

### **Om aldrande befolkning:**

Luster sine utfordringar når det gjeld ein aldrande befolkning er på linje med dei nasjonale utfordringane; den doble demografiske utfordringa med ei framtidig auke i eldre kombinert med redusert tilgang til arbeidskraft.

Befolkningsprognose 80+ viser auke frå 323 i 2018 til 571 personar i 2040. Prognose andel 80+ i Luster (10,5) ligg på nivå med fylk (10,3) og over land (8,0) i 2040. Tilsvarende må ein sjå føre seg ein auke i aldersrelaterte sjukdomar (demens, pleie- og omsorgstrengande mm).

it klart budskap om korleis ein bør møte ein aldrande befolkning er at kommunane må planlegge dette som ei samfunnsreform og ein må jobbe med dette som ein raud tråd i samfunnsplanlegginga og etablere tverrfaglege team i kommunane. Arbeidet med å skape eit aldersvennleg samfunn famnar vidt og går på tvers av både fagfelt, sektorar og samfunnsinstitusjonar.

### **Frivillige organisasjonar – samarbeid for eit bærekraftig samfunn**

Kommunen har nedgang i høve tal medlemmar i organisasjonstypen bygdelag m.m: Frå 862 medlemmar i 2010 til 134 i 2018. Kommunen har også nedgang i kategorien song og musikk i same periode; frå 241 medlemmar i 2010 til 60 i 2018. Når det gjeld tal for idrett- og friluftsgesamtningar har vi ein auke: Frå 3145 til 3238. Samla sett er det ein nedgang på tal medlemmar med 700. Det er ikkje ei ønska utvikling. Tilgjenge til eit differensiert tilbod av aktivitetar i regi av frivillige er sær viktig for kommunen. Fleire undersøkingar viser at det å være frivillig samt å delta på aktivitetar er sers bra for helsa.

### **Fysisk aktivitet - kosthald/overvekt**

Kommunen har ein auke i overvekt, gjeld indikator kvinner (1 svangerskapskontroll), og i siste treårsperiode 2016-2018 ligg kommunen (50%) godt over fylke (40%) og landsnivå (34%) . Samtidig

ser vi ein nedgang i høve indikator; overvekt og fedme ved sesjon 1. Snitt frå 4 årsperioden 2014 – 2017 viser at Luster (26,4%) ligg på nivå med fylke (26,7%) men over land (22,7%). Fysisk aktivitet: Ungdata undersøkinga frå 2017 viser at det er færre ungdommar i Luster (6,3%) enn fylke (7,6%) og landsnivå (13,6%) som svarar et dei er lite fysisk aktive. På same undersøkinga ser vi at ungdom i Luster (87%) som trenar minst ein gong i veka ligg over fylke (85%) og landsnivå (83%).

Erfaring viser at det er vanskelig å oppnå varig vektreduksjon når man først er blitt overvektig. Førbygging av overvekt er derfor av stor betydning. Uheldige kosthaldsvanar, inaktivitet og lang dagleg tid til TV og annen skjermaktivitet er dei vanlegaste årsakar til overvekt (Helsedirektorat).

Det vert vist til Grunnlagsdokumentet for ytterlegare informasjon om helsetilstanden i Luster kommune.

### **3. Dei ulike nivå i overordna kommunalt planarbeid frå planstrategi til handlingsprogram.**

I dette kapitlet tek ein føre seg dei ulike plantypene i overordna planlegging.

#### *3.1 Planstrategi = "rett plan til rett tid"*

Planstrategi er ikkje ein plan, men kommunen sin strategi for kommuneplanarbeidet i komande 4-års periode. Planstrategien er gått nøye gjennom i kap. 1.

#### *3.2 Planprogram*

Planprogram er heimla i PBL § 4-1. Planprogram vert nytta til kommunen sine overordna planar, samt at det er eit verktøy for detaljplanar som ikkje er i tråd med overordna planer. For planprosessar som krev konsekvensutgreiing (KU), så er det krav om planprogram.

For kommuneplanen skal det utarbeidast planprogram som skal gjera greie for planarbeidet, planprosessen, og opplegget for medverknad. Planprogrammet er såleis ein plan for korleis planarbeidet skal gjennomførast, og vert fastsett av kommunestyret.

#### *3.3 Kommuneplan – samfunnsdelen*

Kommuneplanen skal vera kommunen sitt overordna styringsdokument for samfunnsutvikling. Den skal gje rammer for verksemda sine planar og tiltak, og planar for bruk og vern av areal i kommunen.

#### *3.4 Kommuneplan arealdelen – juridisk bindande*

Arealdelen er plan for arealbruk i heile kommunen. Planen skal fastsetja hovudtrekka i arealdisponering og rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk.

#### *3.5 Reguleringsplanar*

Reguleringsplan kan delast i områdereguleringsplanar og detaljreguleringsplanar. Reguleringsplanar er ein detaljert plan for eit avgrensa område og skal visa framtidig grunnutnytting i området. Til plankartet er det knytt eit sett av reguleringsføresegner. Reguleringsplanar er eit juridisk bindande dokument, og skal som utgangspunkt vere i samsvar med arealdelen. Eventuelle avvik frå arealdelen krev meir omfattande prosessar.

#### *3.6 Kommunedelplanar*

Kommunedelplan er ein plan for bestemte område, tema eller sektorar i kommunen. Kommunedelplanar skal fylgja prosessar i PLBL kap. 11.



### 3.7 Temaplanar / Handlingsplanar

Temaplanar / handlingsplanar er dokument som einiskilde einingar/sectorar i kommunen treng for sitt arbeidsområde. Dette er planar som ikkje fylger krav til prosess i PLBL kap. 11, og er i utgangspunktet ikkje tema i Planstrategien. Det er likevel eksempel på slike planar som administrasjonen og kommunestyret meiner det er hensiktsmessig at vert teke inn i planstrategien.

Dokument med utgangspunkt i kommuneplanen, som vert rullert årleg:

### 3.8 Økonomiplan

Dette er ein plan for økonomien i kommunen og har ein tidshorisont på fire budsjettår. Økonomiplanen vert rullert kvart år.


### 3.9 Planleggingsprogram

Planleggingsprogrammet er eit 4-årig program for planarbeidet i kommunen. Det har same horisont og blir rullert på same måte som økonomiplanen. Frå og med budsjettåret 2006 har planleggingsprogrammet vore ein del av dokumenta som blir lagde fram for kommunestyret saman med økonomiplan og årsbudsjett.

### 3.10 Handlingsprogram

Kommuneplanen sin samfunnsdel, arealdelen og kommunedelplanane skal fylgjast opp gjennom ein handlingsdel. Handlingsdelen er fireårig og skal rullerast årleg. Handlingsdelen og kommunen sin økonomiplan skal vera integrerte dokument for Luster.

## Planleggingsprogram 2020– 2023



Kommuneplanen sin arealdel i det kommunale plansystemet

## 4. Generelt om kommunal planlegging

Kravet til styring og samordning gjennom planlegging er blitt stadig sterkere. Gjennom reglane i plan- og bygningslova er kommunane m.a. pålagde å utarbeide samla kommuneplan for utvikling og samordna oppgåveløysing. Kommunane har vidare mynde til å styre arealbruken gjennom å utarbeide arealplanar.

I politisk delegeringsreglement er det fastsett at formannskapet skal fungere som kommuneplannemnd, medan plan- og forvaltningsstyret tek seg av oppgåver knytt til utarbeiding av reguleringsplanar, dispensasjonar frå gjeldande arealplanar m.m. I plan- og bygningslova er det sett krav om at alle kommunar skal ha planregister, m.a. for at brukarar skal kunne nytte elektroniske byggjesøknader. Luster kommune har elektronisk planregister i samsvar med krav i lovverket.

### **Krav og utfordringar**

I gjeldande lovverk er det teke inn reglar som stiller sterke krav til samordning av ulike omsyn på alle plannivå. Dette gjeld t.d. krav om vurdering av tryggleik gjennom utvida ROS analyser («Risiko- og sårbarhetsanalyser»). Kommunane er pålagde å gjennomføre planarbeid både gjennom reglar i plan- og bygningslova, PLBL, og i særlover. Planlegging etter reglane i plan- og bygningslova skal femne vidt, dette går fram av føremålsparagrafen der det er lagt vekt på miljø og berekraftig utvikling, og av lovene om folkehelse og om naturmangfald.

## Formelle tilhøve

Kommunal planlegging skal skje etter reglane oppsette i kap. 10 – 13 i plan- og bygningslova, PBL. Kommunen sitt overordna plangrunnlag skal vurderast/reviderast av kommunestyret kvart 4. år, jf. reglane i Kap. 10, om kommunal planstrategi:

### § 10-1. Kommunal planstrategi

«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

-----  
Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.»

## **Kap. 11 i plan- og bygningslova omhandler kommuneplanlegging. Her heiter det m.a.:**

### § 11-1. Kommuneplan

«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.

Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.

### § 11-2. Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig. For utarbeiding og vedtak av kommuneplanens samfunnsdel gjelder §§ 11-12 til 11-15.

### § 11-5. Kommuneplanens arealdel

Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeides arealplaner for deler av kommunens område.

Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.

Plankartet skal i nødvendig utstrekning vise hovedformål og hensynssoner for bruk og vern av arealer.-----»

## 5. Overordna utviklingstrekk og utfordringar

### 5.1 Folketalsutvikling

Frå 2008 – 2020 har det vore vekst i folketalet i Luster. I 2008 budde det 4870 personar i Luster kommune, pr. 1.1. 2020 budde det 5174. Veksten var jamn fram til 2018, då var det 5223 innbyggjarar, men har gått ned til 5174 no i 2020.

Fødselstala har svinga mykje i denne perioden. Hovudårsaka til at veksten i folketalet stoppa opp, er likevel at talet på busette arbeidsinnvandrarar har stabilisert seg og delvis har gått noko ned. Korleis folketalutviklinga vert framover er vanskeleg å seie sikkert, dei viktige faktorane er: Vil fødselstala halde seg oppe, vil det vere positiv flyttebalanse. Særleg vil det vere usikkerheit knytt til innflytting av arbeidsinnvandrarar og nye flyktningar.

Ytterlegare sentralisering kan og gje betydeleg negativ flyttebalanse på norske personar si flytting.

*”Indre sentralisering”*: Luster kommune legg vekt på gode tilbod i alle delar av kommunen. Likevel er det ei utviklinga der folketalet aukar i Gaupne og på Hafslo og det er stabilisering eller noko nedgang i dei andre krinsane. Gaupne og Hafslo har også størst del av den yngre befolkninga. Dette påverkar både skule- og barnehagesektoren.

Framskriven befolkning for Luster i fylgje SSB viser gradvis auke frå 5174 innbyggjarar i 2020 til 5456 i 2040. I aldersgruppa 80+ viser den ein auke i same periode på 255 personar. Denne aldersgruppa har størst auke i perioden og Luster (10,47 %) ligg i 2040 over landet (8 %) og litt over fylke (10,3%).

### 5.2 Offentleg økonomi

Det vert ikkje sagt så mykje om offentleg økonomi i planstrategien. Økonomiplanen er til årleg rullering saman med budsjettprosessen, og følgjeleg vert ikkje økonomiplanen omtala i planstrategien. Generelt kan det seiast at Luster kommune har økonomi til å oppretthalde eit høgt og godt tenestenivå, også på eit desentralisert nivå. Luster kommune har inntekter frå både konsesjonsinntekter frå vasskraft og pengemarknaden, men 2020 kan vise seg å bli eit vanskeleg år med låge kraftpriser og koronasituasjonen som kjem til å gå utover både midlane frå pengemarknaden og skatteinngangen. Uansett – vasskraft og inntekter frå pengemarknaden har gjort til at Luster kommune har hatt tilgang på investeringsmidlar, men noko meir avgrensa tilgang til driftsmidlar. Det er uansett ei hovudutfordring for den kommunale økonomien at den iverkset tiltak som sikrar eit godt tenestenivå samstundes som inntekter og utgifter skal balansere over tid. For at kommunen ikkje skal bite opp for mykje av sine framtidige driftsutgifter til avdrag og renter, er det viktig at den langsiktige lånegjelda vert stabilisert.

### 5.3 Landbruk

Eit levande landbruk er grunnlaget for all busetjing i små og mellomstore grender, så også i Luster. Dersom det ikkje er bønder som held kulturlandskapet i hevd, så svinn mykje av attraktiviteten til dei einskilde bygdene hen. Det har vore ein del strukturelle endringar i Luster som i resten av landet, slik at sysselsette i landbruket har gått ned. Til tross for dette vert det meste av dyrka mark og beite halde i hevd i grendene i Luster. Område med driftsmessig utfordrande topografi og lite ressursgrunnlag for grasbasert landbruksdrift har størst utfordring med å halde det tradisjonelle jordbrukslandskape ope. Anna landbruksnæring som frukt og bær kan kompensere, men lite ressursgrunnlag og reduksjon i beitedyr er ei utfordring for jordbrukslandskapet og busetnad i deler av kommunen, t.d. på Sørsida.

I Luster er det relativt sett stor produksjon av frukt og bær, noko markanden etterspør. Dette er ein produksjon kommunen bør stimulere, der det er egna grunn og klima. Samtidig er størstedelen av

dyrka marka i kommunen egna til grasproduksjon, og følgjeleg er husdyrproduksjon den aller, aller viktigaste produksjonen som er i Luster.

Landbruket har dei siste åra vorte sett under sterkt press frå alle kantar, både med tanke på økonomi og diskusjonar knytt til klima. Det er svært viktig for landbruket at Luster kommune bidreg til ein nyansert debatt om kjøtproduksjon og klimapåverknad. Det er ikkje usannsynleg at når ein ser effekt av beite og hausting av gras/ bruk av fotosyntesen til matproduksjon, så er kjøtproduksjon slik me ser i Luster ein del av løysinga på klimautfordringane. Ser ein dette opp mot landbruket sitt samfunnsoppdrag om produksjon av mat til eit aukande folketal i verda, og sikre landet sin grad av sjølvforsyning, så er det viktig at debatten om husdyrproduksjon ikkje berre handlar om utslepp av klimagassar, men også klimagevinstane ein kan oppnå med slik produksjon.

#### **5.4 Anna næring og sysselsetjing**

Det er ei positiv utvikling i fleire av industriverksemdene i kommunen. Dei to største industriverksemdene i kommunen har internasjonalt eigarskap. Innafor vasskraft er det gjennomført mange småkraftutbyggingar dei siste åra. Det føreligg og planar og konsesjonar til å gjennomføre fleire småkraftutbyggingar framover.

I Leirdøla gjennomfører Statkraft ei modernisering og flytting av trafoanlegget, det er ein stor aktivitet dei kommande åra. Det er liknande planar ved kraftanlegget i Fortun.

Kraftutbygging og aktivitet knytt til kraft vil dei kommande åra vere ein aktivitet der bygg og anleggssektoren vil kunne vinne oppdrag.

Reiselivet har synt stor investeringsinteresse dei siste åra, og aktiviteten i næringa er god. 2019 sesongen var «all time high» for mange av bedriftene. Kva verknader koronakrisa får for reiselivet er vanskeleg å seie no våren 2020. Truleg vil krisa påverke reiselivet negativt lenger enn sesongen 2020. Sesongen 2020 vert nok svært krevjande.

Bygg og anlegg er framleis ei stor næring i Luster, fleire av selskapa har kompetanse til å stå ansvarleg for store prosjekt og har marknad i heile sogneområdet. Privat tenesteyting inkludert handelsnæringa held posisjonen sin.

Luster har mange innbyggjarar som arbeider i nabokommunane; særleg Sogndal og Leikanger der det er eit høgt tal på kompetansearbeidsplassar. Utviklinga av den regionale arbeidsmarknaden er viktig for Luster.

Koronakrisa vil påverke næringslivet i kommunen og regionen i den kommande perioden. Kor mykje og kor lenge er vanskeleg å seie no.

#### **5.5 Folkehelse**

Det vert her vist omtale av grunnlagsdokumentet under punkt 2 for beskriving av viktige parameter for folkehelse i Luster. Oversikten viser at Luster har aukande utfordringar på fleire områder med blant anna aldrande befolkning, aukande overvekt, og aukande sosial ulikskap som i seg sjølve kan forsterke andre utfordringar. Disse trendane speglar utviklinga i regionen og landet, og det er behov for tverrfagleg planlegging på overordna nivå, og spissa planlegging spesielt innan helse, oppvekst, arealplanlegging og kultur for å møte utfordringane. Folkehelse og rekruttering av kompetanse innan helsesektoren vil bli viktige overordna tema i samfunnsdelen.

#### **5.6 Integrering, inkludering og busetjing**

Ein ser at talet på busette flyktningar / flyktningar som kjem til landet har gått ned dei siste par åra. Uavhengig av omfanget av flyktningar kommunen får ansvaret for, er busetting og vellukka integrering avgjerande. Sentrale oppgåver for å lukkast med arbeidet er:

- god kunnskap om det norske språket og samfunnet
- utdanning og arbeid

- bustad
- god integrering i lokalsamfunnet

Deltaking i frivillige organisasjonar bidreg til god integrering så vel som folkehelse. Derfor er det særskilt viktig at kommunen har fokus på å leggje til rette for, og støtte opp under, aktivitetar og organisasjonar som har til formål å inkludere folk frå alle samfunnslag. Ein ser sterk nedgang i tal medlemmar i bygdslag i kommunen. Dette medfører at ein må tenkje nytt rundt innbyggjarmedverknad i kommunale prosessar i større grad leggje opp til nye møteplassar og samarbeidsarenaer. Gjennom planperioden vil dette settast fokus på i kommuneplanens samfunnsdel, og i temaplanar innan oppvekst, helse og kulturavdelingane.

### 5.7 Kultur og friviljugheit

Kulturminner som kan nyttast for å auke forståelsen for fortiden og tilhøyringa til området, noko som igjen er viktig får å skape eit attraktivt samfunn med sterk identitetskjensle. Luster har eit mangfald av verdifulle kulturminne som strekkjar seg heilt frå forhistorisk tid med spor etter gamle busetnader og reinsjakt i fjellet, høgfjellsristningar og gravhaugar. Det er fleire flotte kyrkjer i området, med ornes stavkyrkje som sjølv kronjuvelen, og av nyare tid blant anna fleire embetsgardar, tobakkshus, sanatoriet Harastølen og hytta til ein av den moderne tids største tenkjarar, Ludvig Wittgenstein.

Kulturminna må sjåast som ein ikkje-fornybar ressurs som må takast vare på for framtidige generasjonar. Trugslar mot kulturminna er slitasje, arealendringar og klimanendringane. Blant anna vil varmare og våtare vær vil auke faren for råte i gamle bygg og føre til øydelegging av verdifulle forhistoriske kulturminna kan ligge gøymd i gamal is i høgfjellet. Å setje fokus på kulturminna kan auke interessa rundt dei og dermed bidra til at folk vil bevare eller restaurere dei. Samtidig kan det få ringverknader på andre kulturområdar og verdiskapning gjennom turisme.

Gode kulturtilbod vert og stadig viktigare for å rekruttere og halde på kompetent arbeidskraft, og derfor er det viktig å sikre gode og varierte kulturtilbod i kommunen. Internett og digitale løysningar gjeve nye moglegheiter.

### 5.8 Klimautfordringane

Verda er inne i ei tid der ein ser ei auke i temperaturar på verdsbasis. Dette medfører endringar i veret sett i forhold til det me er vande med. I Luster har me sett dette dei seinare åra med at me har hatt unormale tørkeperiodar, store flaumar, månader med historisk liten nedbør og månader med nedbørsrekordar. Generelt ser det ut til å gå mot ei tid med lengre samanhengande like vêrtyper enn tidlegare, der vêrperiodane var kortare. Dette gjev utfordringar for landbruket, det medfører auka fare for ras, flaum, skred og stormflo, og me må førebu oss på ein tøffare kvardag. Samstundes kan lange tørkeperiodar medføre auka skogbrannfare. Global oppvarming kan også føre til havnivåstigning, noko ein må ta høgde for ved planlegging. Mellom anna ser ein at ein må heve nye bygg i Gaupne, samanlikna med slik det var tidlegare.

I tillegg til den fysiske konsekvensar av klimaendringane, så må ein også ta høgde for finansielle konsekvensar. Som eksempel kan nemnast: Auka råte er ein sannsynleg konsekvens av meir nedbør, endra klima kan medføre introduksjon av framande artar som kan ramme jord- og skogbruk, endra nedbørsmønster kan påverke kraftproduksjon mm. Avgiftsbelagt næring kan få auka press med endå større avgifter, jf landbrukssektoren og turistnæringa som er viktige i Luster. Samtidig kan klimaarbeidet/ -endringane medføre positive effektar for både skogbruk og landbruk som bindar av CO<sup>2</sup>, samt fokus på auka sjølvforsyning.

Luster kommune må i den komande planperioden ha auka fokus på klimautfordringane. Det ligg eit

ansvar på kvar einskild kommune å bidra til utslippsreduksjon. Noreg har gjennom klimaavtalen med EU forplikta seg til å redusere utsleppa med 40 % innan 2030 samanlikna med 1990 nivå. Regjeringa jobbar også for å auke dette målet ytterlegare opp mot 50 - 55 %. Foreløpig er utsleppa i Noreg gått ned i overkant av 2 % frå 1990. Det er viktig at Luster tek sin del av dei nasjonale utsleppskutta, og dette vil krevje ein betydeleg innsats dei neste tiåra. For Luster vert det ei prioritert oppgåve å finne gode tiltak i den komande planperioden. Dette medføre at underliggjande planar må gje tydelege føringar for korleis ein skal redusere utslepp på sitt felt. Kommunen skal og utarbeide et klimarekneskap som gjer betre oversikt over utsleppa i kommunen og kor ein mest effektivt kan redusere dei. Det ligg mulegheiter for utsleppskutt i grønne innkjøp, fortetting i planlegging, stimulere til tiltak innan både privathushald, næring og landbruk.

### 5.9 Naturmangfald, miljø og berekraftig utvikling

Dei største miljøutfordringane er knytt til klimaendringar, overforbruk av naturessursar og tap av biologisk mangfald. Stor auke i folketalet i verden fører til at me treng meir energi, meir transport og auka press på areala. Miljøutfordringane krev innsats og omstilling både hjå einskildindividua og hjå samfunnet generelt. Ny teknologi kan ikkje aleine løysa utfordringane knytt til klimaendringane. Område som samfunnsutvikling, teknologiutvikling og forbrukarmønster grip inn i kvarandre og må løysast i samanheng. Lokalt har både kommunen som organisasjon og lokalsamfunn ansvar for å gripa fatt i desse utfordringane.

FN's bærekraftsmål er definert med føremål å ver verda si felles plattform/ arbeidsplan for utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til dei som lev i dag, utan å øydelegge mulegheita framtidige generasjonar har for å dekke sine behov. Berekraftmåla reflekterer dei tre dimensjonane i bærekraftig utvikling; klima og miljø, økonomi og sosiale tilhøve.

Dei 17 bærekraftsmåla er definert under.



### 5.10 Beredskap - Risiko og Sårbarheit

Kommunane har ansvaret for at det vert gjennomført vurderingar av risiko- og sårbarheit i samband med planar for utbyggingsprosjekt for å redusere fare for økonomiske konsekvensar og tap av liv i forbindelse med / som ein konsekvens av gjennomføring av planlagde tiltak. Grunlaget for kommunen sitt ansvar er gjeve gjennom nasjonale føringar.

Luster kommune har på overordna nivå fylgja opp dei nasjonale føringane gjennom desse dokumenta:

Overordna ROS-analyse omfattar heile kommunen si overordna verksemd og mogelege uynskte hendingar som kan skje innafør kommunen sitt geografiske område

Kommunen skal kartleggja mogelege hendingar, vurdera sannsyn for at dei kan skje og korleis dei i såfall kan påverka kommunen. Resultatet av arbeidet er vurdert og samanstilt i ein heilskapleg ROS-analyse i 2014. Revisjon av denne ROS-analysen er av dei oppgåvene som vert tilrådd prioritert i komande planperiode.

Overordna beredskapsplan er ein overordna og koordinerande plan for samfunnsikkerheit og beredskapsarbeid i Luster kommune. Planen omtalar korleis kommunen si leiding skal organisera seg i krisesituasjonar og korleis kommunen skal leia og handtera krisesituasjonar. Overordna plan skal gje føringar til underliggjande delplanar og einingar sine eigne beredskapsplanar. På denne måten skal planen hjelpa til med å sikra forsvarleg handtering av kommunen sitt ansvarsområde ved ein krisesituasjon. Det vert rådd til at beredskapsplanen vert revidert i same prosess som ROS-analysen.

Kommunane skal ved overordna arealplanlegging (i praksis i samband med utarbeiding av arealdelen til kommuneplanen) gjera ei særskild vurdering for risiko og sårbarheit for alle nye utbyggingsområde. Det er også gjennomført ei omfattande kartlegging av skredfarlige område i kommunen (NVE-2015), samt at det er gjennomført ei flaumsonekartlegging knytt til Gaupne sentrum, der også stormflo er vurdert. I løpet av perioden vil det bli utarbeida ein kartlegging av kritiske punkt i bekkar og bratte vassdrag som vil inkludere ROS analyse og som kan leggjast til grunn for arealplanlegging.

Tiltak som ikkje er vurdert i samband med overordna planlegging, må ha eigen ROS-analyse som ein del av planen / tiltaket. Dette gjeld spesielt reguleringsplanar.

Luster kommune har ein topografi som gjer at det er utfordringar knytt til mange typar naturfare, og ein byrjar å få på plass ras-, skred- og flaumvurderingar fleire plassar. Det ein har gjorte lite vurderingar av, er kvikkleire. I etterkant av flaumen i Mørkridsdalen vart det frå NVE sin side gjennomført nokre grunnundersøkingar for å få oversikt over kvikkleirefare. Kommunen bør gjere ei vurdering av om det er behov for ytterlegare vurderingar på Skjolden og andre plassar.

## **6. Nasjonale forventingar og regionale føringar**

Nasjonale og regionale planar og retningslinjer/politikkdokument skal leggjast til grunn for planarbeidet i kommunane.

### *6.1 Lover og nasjonale retningslinjer for kommunalt planarbeid:*

- Plan- og Bygningslova av 2008
- Naturmangfaldslova av 2009
- Folkehelselova av 2011
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. 25.3.2011
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barns og unges interesser i planlegginga. (T-5/95)
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad , - areal, - og transportplanlegging, 26.09.2014.
- Statleg planretningslinje for klima – og energiplanlegging i kommunane, 04.09.2009,
- Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag (1994)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Statlege planretningslinjer for fjellområdene (vurderes utarbeidet?)



### 6.2 Nasjonale forventingar til kommunal planlegging jfr PLBL §6

Med bakgrunn i endringane i PLBL i 2008 kom det inn reglar om at det kvart fjerde år skal utarbeidast eit forventingsdokument med nasjonale forventingar til både kommunal og regional planlegging. Det kom ei ny nasjonal forventning vedteke ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019, utgjeve av Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (Dokument H-2445 N)

Det vert forventa at kommunane fylgjer opp den politikken som vert formidla gjennom forventingane som har følgjande hovudtrekk:

- Fylkeskommunane og kommunane fastset regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekka i transportsystemet, medrekna knutepunkt for kollektivtrafikken. Gjennom planlegginga trekkjer ein langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde. Staten, fylkeskommunane og kommunane legg vedtekne planar til grunn for eigne vedtak.
- Den regionale og kommunale planlegginga legg til rette for nok og variert bustadbygging, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- Kommunane sikrar høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt, legg til rette for auka bruk av sykkel og gange i dagleglivet, og sikrar samanhengande gang- og sykkelsamband av høg kvalitet. Ein utnyttar potensialet for fortetting og transformasjon før ein tek i bruk nye utbyggingsområde.
- Kommunane har ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikkk for å skape eit godt og levande bymiljø. Kommunane legg til rette for etablering av bustader, arbeidsplassar, handel, service og sosiale møteplassar i sentrum. Ein bør leggje vekt på å få til eit forpliktande samarbeid mellom kommunen og det private næringslivet. Arkitektur, kulturminne, landskapsverdiar, vatn og grønne element blir tekne aktivt i bruk som ressursar i sentrumsutviklinga.
- Kommunane sikrar trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining.
- Kommunane tek vare på naturverdiane og legg til rette for fysisk aktivitet og trivsel for heile folket ved å sikre samanhengande grønne strukturar, opne vassveggar og nær tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv.
- Kommunane legg prinsippa om tilgjenge og universell utforming til grunn i planlegging av omgavnader og bygningar.

### 6.3 Regionale føringar

Sogn og Fjordane fylkeskommune har no gått inn i Vestland Fylkeskommune som regional planstyresmakt. Nokre av fylkeskommunen sine overordna planar vil fortsatt bruke Sogn- og Fjordane til dei er reviderte. Følgjande planar er anten vedtekne eller under utarbeiding, og gjev føringar for kommunen sitt planarbeid.

- Fylkesdelplan for arealbruk
- Regional plan for klimaomstilling 2018 – 2021 (med plandel, kunnskapsdel og handlingsprogram)
- Fylkesdelplan for klima og miljø, 2009
- Fylkesdelplan for landbruk
- Regional plan for folkehelse 2015–2025
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- Regional plan for Ottadalsområde 2016 – 2026
- Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 – 2027 (med handlingsprogram - 2021)
- Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging Sogn og Fjordane (frå 2012)

- Regional plan for vasskraft - 2012
- Regional plan for verdiskapning 2014 – 2025 (med justeringar for perioden 2018 – 2021)
- Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021
- Arealforvaltning og klimatiltak i landbruket i Sogn og Fjordane 2011
- Regional plan for kultur – kultur for alle (2019 – 2027) (med handlingsprogram)
- Strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur 2018 – 2022
- Utviklingsplan for Vestland er under utarbeiding
- Regional planstrategi for Vestland Fylkeskommune

### Planar frå Sogn regionråd

Link: <https://www.sogn.regionraad.no/planar.459925.nn.html>

- Regionplan for 2017 – 2020
- Samferdsleplan for Sogn regionråd
- Programplan for system og styrka læring
- Plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge
- Plan for arbeidet med inkluderande barnehage- og skulemiljø i Sogn

## 7. Planstatus og planevaluering

### 7. 1 Kommunens overordna planar

Luster kommune er pålagt å ha ein samla kommuneplan beståande av kommuneplanens samfunnsdel med handlingsdel, i tillegg til ein arealdel. Dette er heimla i plan- og bygningsloven § 11-1, der det vidare står:

*«Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og leggje retningsliner og pålegg frå statlege og regionale myndigheiter til grunn.*

*Det kan utarbeidast kommunedelplan for bestemte område, tema eller verksemdsområde.*

*Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som angjev korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande år eller meir, og reviderast årleg. Økonomiplanen etter kommunelovens § 14-2 bokstav a kan inngå i eller utgjere handlingsdelen.»*

#### **Kommuneplanens samfunnsdel (KPS)**

Kommuneplanens samfunnsdel er heimla i Plan- og bygningslovens § 11-2, der det er vist til at samfunnsdelen er kommunen sitt langsiktige styringsdokument både for kommunen som samfunn, men også kommunen som organisasjon. Den skal dermed vere grunnlag for sektorers planar og verksemd i kommunen, og gje retningsliner for korleis kommunens eigne mål og strategiar skal gjennomførast.

Luster kommune har revidert samfunnsdelen i dei to siste kommunestyreperiodane. Det at det har vorte jobba såpass kontinuerleg med samfunnsdelen, gjer at administrasjonen har eit greitt

utgangspunkt for vidare arbeid. I gjeldande plan er det arbeidd med å få fram prioriterte satsingar og utviklingsarbeid. Det er det teke utgangspunkt i tre overordna tema:

Luster – ein god stad å bu – «gode og samordna tenester og tilbod for innbyggjarar og tilflyttarar»

Luster – ein god stad for bedrifter – «aktiv næringspolitikk for etablering og utvikling av næring»

Luster – ein god stad å besøkje – «gode opplevingar som får besøkande, frå både nære og fjerne område, til å komme og bli»

Det vart med utgangspunkt i tidlegare kommuneplan og via innspel i planprosessen peika ut eit sett med prioriterte satsingsområde:

- Bumiljø, fleire folk, barn og unge, kultur og fritid, folkehelse, helse og omsorg, informasjon, regionalt samarbeid, beredskap
- Generell næringsverksemd, landbruk, infrastruktur
- Natur, kultur og attraksjonar

I gjeldande samfunnsdel var er det vist ei SWOT-analyse for kommunen med utgangspunkt i satsingane vist til over. Denne er grunnlag for ein del prioriterte satsingar og målsettingar.

1. Styrke (i dag)	3. Muligheiter / utvikling (framover)
<p><b>Luster ein god stad å bu</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gode kommunale tenestetilbod</li> <li>• Regional bu og arbeidsmarknad</li> <li>• Naturopplevingar og friluftsliv</li> </ul> <p><b>Luster ein god stad å besøkje</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Verdsarv, fjord, fjell og bre er attraktive reisemål i internasjonal målestokk</li> <li>• Gode moelegheiter innan aktivitetsbaserte opplevingar</li> <li>• Kulturarv i verdsklasse</li> </ul> <p><b>Luster ein god stad for bedrifter</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gode rammevilkår for nyetablering</li> <li>• Vekst i reiseliv og tenestesektor</li> <li>• Lokal matproduksjon og foredling</li> <li>• Industri med høg kompetanse</li> </ul>	<p><b>Luster ein god stad å bu</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gode oppvekstilhøve og gode tilbod i helse og omsorg</li> <li>• Aktive bygder</li> <li>• Auke i folketalet</li> </ul> <p><b>Luster ein god stad å besøkje</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Varierte tilbod og høg kvalitet på natur- og kulturopplevingar</li> <li>• Stor breidde og høg kvalitet i overnattingstilbod</li> <li>• Vidareutvikling og pakking av attraksjonstilbod.</li> </ul> <p><b>Luster ein god stad for bedrifter</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gode rammevilkår for vidareutvikling av verksemd</li> <li>• Gode naturgjevne forhold for landbruk</li> <li>• Tilgang på naturressursar</li> </ul>
2. Veikskap (i dag)	4. utfordringar for å få ting til (framover)
<p><b>Luster ein god stad å bu</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Einsarta bustadtilbod</li> <li>• Lite felles møtepunkt</li> <li>• Svak på tverrfagleg samarbeid</li> </ul> <p><b>Luster ein god stad å besøkje</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Relativt kort reiselivssesong</li> <li>• Dårleg kollektivtilbod og lange avstandar mellom «tilbydarane»</li> <li>• Manglande stell av sentrumsområda sumartid</li> </ul> <p><b>Luster ein god stad for bedrifter</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nasjonale føringar gjev strukturendringar og sentralisering</li> <li>• Verksemdene i Luster ligg langt unna marknaden</li> <li>• «Heimemarknaden» for reiselivet er avgrensa</li> </ul>	<p><b>Luster ein god stad å bu</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mange bygder – store avstandar</li> <li>• At utalandske tilflyttarar vert fastbuande</li> <li>• Klimaendringar; auka risiko for flaum, ras/skred og ekstremvær</li> </ul> <p><b>Luster ein god stad å besøkje</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppgåver knytt til utvikling og drift av fellesgodetilbod vil auke i framtida</li> <li>• Høgt prisnivå krev høg kvalitet på tilboda</li> <li>• Mange utalandske sesongarbeidarar</li> </ul> <p><b>Luster ein god stad for bedrifter</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Generasjonsskifte og rekruttering i landbruket</li> <li>• Stabilitet og kontinuitet i eigarskap og utvikling jfr utanlandsk konkurranse</li> <li>• Verksemdene treng tilsette med god/rett kompetanse</li> </ul>

Til tross for at Luster kommune har ein relativt ny samfunnsdel til kommuneplanen, så vil administrasjonen bruke planstrategien til å prioritere revisjon av samfunnsdelen høgt. I dette ligg det at me vil starte revisjon straks etter at planstrategien er vedteken.

Grunngjevinga for dette er tredelt.

For det fyrste så er samfunnsdelen med handlingsdelen kanskje det viktigaste politiske styringsdokumentet kommunen har, der ein får gjort overordna grep med ei kopling mellom handlingsdelen og økonomiplanen. Det er viktig at eit nytt kommunestyre får utforme politikk inn i samfunnsdelen, og at den vert vedteken såpass raskt at kommunestyret får eit eigarskap til den.

For det andre så har landet og kommunen fått eit betydeleg auka fokus på klima og klimautfordringane verda står ovanfor. Det administrasjonen vil freiste, er å lage ein samfunnsdel meir eit vesentleg auka fokus på klima. Det å jobbe mot ein meir berekraftig samfunnsutvikling vil også svare opp klimautfordringane, og FN's klimamål vil difor bli viktige inn i ein revidert samfunnsdel.

For det tredje har administrasjonen tru på at det digitale verktøyet Framsikt vil bidra til betre samhandling i organisasjonen. Det å få ein tidleg revisjon av samfunnsdelen vil gje gevinstar for anna planlegging (spesielt av temaplaner) ved bruk av Framsikt.

Konklusjon: Revisjon av kommuneplanens samfunnsdel er høgt prioritert frå administrasjonens side, og ein legg opp til å starte revisjonsarbeidet sumaren 2020.

### **Kommuneplanens arealdel (KPA)**


Luster kommune gjorde vedtak av ny arealdel med føresegner 13. juni 2019 (sak K-36/19). Luster har dessutan gjennomført revisjon av kommuneplanens arealdel i dei to føregåande kommunestyreperiodane, noko som gjer at kommunen har eit oppdatert planverktøy.

Luster kommune er i ein litt annan situasjon no, både med tanke på type arbeidsoppgåver og personell. Administrasjonen ser ingen akutte behov som krev revisjon av heile arealdelen, og rår difor til at planstrategien legg opp til at revisjon av arealdelen ikkje starter før mot siste halvdel av denne kommunestyreperioden, og med mål om at det neste kommunestyret kan vedta den.

Det er fire argument for dette:

1. Dersom ein ser at kommunen legg nye føringar gjennom samfunnsdelen, så må arealdelen koma i etterkant slik at den kan klargjere arealbehov definert i samfunnsdelen. Med tanke på arbeidsmengda ein samfunnsdel utgjer, vil det ikkje vere realistisk å få godkjend ein arealdel før heilt mot slutten av kommunestyreperioden.
2. Eit vedtak heilt i slutfasa av kommunestyreperioden medfører at sittande kommunestyre ikkje får mulegheit til å drive arbeid etter ein plan dei har vedteke og har eit eigarforhold til. Administrasjonen meiner det er ein fordel at eit kommunestyre kan vedta ein arealdel i fyrste halvdel av si periode, og vil legge eit løp for det vidare.
3. Administrasjonen har som mål å gjennomføre ei områderegulering på Hafslo no i 2020-2021. Dette arbeidet vil få eit omfang om lag som ein kommunedelplan, og vil krevja ressursane kommunen har til rådvelde for overordna planlegging dei neste par åra, i tillegg til samfunnsdelen.
4. Planavdelinga har fått ein del nye tilsette, som treng tid både til å bli kjend i kommunen og kjend med kommunale kart og sakshandsamarsystem. Det er eit element som også må takast med i vurderinga av kva som er realistisk å få til innanfor denne kommunestyreperioden.

Med dette som grunnlag, legg planstrategien opp til at gjeldende arealdel vert stadfesta utover denne kommunestyreperioden, men at oppstart av revisjon skal skje i 2022.



## Kommunedelplanar

Kommunedelplanar skal reviderast kvart 4. år. Dette kan gjerast anten ved ein fullstendig eller mindre gjennomgang. Eit alternativ er ei stadfesting av at gjeldande plan, eventuelt med ein revidert handlingsplan.

Luster kommune har nokre tematiske kommunedelplanar som gjennom sin funksjon og status krev handsaming etter plan- og bygningsloven. Desse er vist under med kommentar på status:

### **1. Kommunedelplan for vassforsyning**

Kommunedelplan for vassforsyning hadde eit tidsramme frå 2011 og fram til 2020 når den vart vedteken. Den vart revidert i 2015, og det vert lagt opp til revisjon/ utarbeiding og vedtak av ny plan i 2020.

### **2. Kommunedelplan for avlaup**

Kommunedelplan for avlaup er av nyare dato, og revisjon vert prioritert etter at ein er ferdig med kommunedelplan for vassforsyning. Ein ser for seg oppstart og vedtak i 2021.

### **3. Kommunedelplan for trafikktrygging**

Kommunedelplan for trafikktrygging er under revisjon, og det er ei målsetjing om at denne vert vedteken i løpet av 2020. Dette er ein viktig plan med omsyn til tilskottsordningar i forbindelse med trafikktryggingstiltak.

### **4. Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv**

Denne kommunedelplanen legg grunnlaget for kommunale prioriteringar inn mot tildeling av spelemidlar. Den er difor ein viktig plan for idrettslag og andre aktivitetslag. Planen er nyleg er revidert og difor vert det ikkje lagt opp til ny revisjon før mot slutten av perioden. Ein ser for seg oppstart i 2022 og vedtak i 2023.

### **5. Kommunedelplan for kulturminne**

Kommuneplan for kulturminne har vore til revisjon i lang tid, og er ute til offentlig ettersyn i desse dagar. Ein håpar å ha kulturminneplanen vedteken i løpet av 2020.

### **6. Kommunedelplan for småkraftverk**

Kommunedelplan for småkraftverk vart utarbeidd i den tida da det var viktig å posisjonere seg for næringsinteressene med tanke på etablering av småkraftverk. Administrasjonen ser ikkje at det er naudsynt å revidere denne, og legg opp til at den vert stadfesta utover noverande kommunestyreperiode.

### **7. Kommunedelplan for mineralske råstoff**

Kommunedelplan for mineralske råstoff blei vedteken av kommunestyret i 2012. Hovudmålet med denne er å sikre tilgangen til ressursane for framtida og hindre at viktige førekomstar vert bandlagt. Samtidig er planen nyttig for å gjere gode avveiningar av utvinning opp imot andre miljø- og samfunnsinteresser. Det blir lagt opp til revisjon i 2023.

### **8. Kommunedelplan for naturmangfold**

I tillegg til dei eksisterande kommunedelplanane, kjem administrasjonen til å fremje forslag om at det vert etablert ein kommunedelplan for naturmangfald. Kommunane i landet fekk no i vår mulegheit til å søkje om midlar til å få utarbeidd ein kommunedelplan for naturmangfald. Luster kommune har søkt, men ikkje fått tilsegn. Grunna andre prioriteringar, ser ikkje administrasjonen at det er kapasitet til å starte dette arbeidet før tidlegast 2022. I forbindelse med utarbeidinga av planen vil ein benytte anledninga til å ferdigstille temaplanen kjerneområde landbruk og kulturlandskap.

## **Avdelinganes planarbeid i perioden – temaplanane**

Dei ulike avdelingane i kommuneadministrasjonen har fleire temaplaner som utredar viktige tema og målsettingar innanfor deira eigne fagfelt. Planprosessen med desse er mindre ressurskrevjande enn ved kommunedelplanar ettersom temaplanar ikkje krev behandling etter plan- og bygningsloven. Det er eit mål for kommunen å benytte temaplanar når behandling etter PLBL ikkje er påkravd, og når det ikkje synast naudsynt med offentlig ettersyn. Mange av temaplanane byggjer på dei overordna måla fastsatt i kommuneplanens samfunnsdel. Difor fylgjer det naturleg med revisjon av dei mest sentrale temaplanane etter at måla i samfunnsdelen er fastsatt. Dette vil merkast ekstra godt utover i perioden fordi det nye planleggingsverktøyet i Framsikt vil «Låse» måla satt i samfunnsdelen og temaplanane må derfor gjengi orderett dei måla dei hentar frå samfunnsdelen.

Luster kommune har ein ny temaplan dei legg opp til å utarbeide, nemleg plan for friluftslivets ferdselsårer. Følgjande forklaring av og målsetjing med er henta frå vegleiar:

### Plan for friluftslivets ferdselsårer lages fordi planen:

- synliggjør, gir oversikt og kunnskap om ferdselsårene som har betydning for friluftslivet
- ivaretar en infrastruktur som er viktig for folks helse, trivsel, livskvalitet, bolyst og tilhørighet
- øker fokuset på fagfeltet i organisasjonen og samfunnet
- bidrar til å sikre ressurser, areal, forutsigbarhet og mer langsiktighet i arbeidet
- danner grunnlag for å sikre temaet i planer etter plan og bygningsloven
- målretter og systematiserer arbeidet for å gi befolkningen et bedre tilbud
- skaper nyttige nettverk mellom aktørene
- danner grunnlag for å søke om midler, som spillemidler, sikringsmidler, private midler m.v.
- bidrar til å avklare interessekonflikter

#### Planarbeid per avdeling

**Rådmann** har ansvar for kommunen si overordna ROS-analyse. Denne vurderer og foreslår tiltak mot uønskete hendingar som kan inntreffe i kommunen. Analysen er høgt prioritert og vil bli revidert innan 2020. Etter ROS analysen fylgjer det naturleg med revisjon av den overordna beredskapsplan i 2021. Rådmannskotoret prioriterer dessutan Handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Denne er under utarbeiding og vil vere ferdig sommaren 2020.

**Planavdelinga** har saman med eigedom ansvar for kommunedelplan trafikktrygging og «KTP-Luster». Revisjon av KTP-Luster er starta opp, og ein ser for seg ferdigstilling i løpet av 2021. KTP-Luster er ein plan som kunne ha vore handsama som ein kommunedelplan, men det er viktig å merke seg at KTP-Luster har som hovudoppgåve å vere eit dynamisk verktøy for eigedomsavdelinga. Den er i like stor grad ein statusrapport som ein plan, og er grunnlaget for prioriteringar til veganlegg inn i den årlege økonomiplanen, der dei reelle prioriteringane skjer gjennom løyvingar til tiltak. Det er difor viktig at revisjonsprosessar av KTP-Luster ikkje vert for omfattande.

**Avdeling for oppvekst og fritid** har to temaplanar som skal reviderast i perioden. Kommunal plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning, og plan for skule og fritidsordning vil begge bli revidert i løpet av 2020.

Kommunalt skysreglement vart vedteken i 2016, men vil ikkje bli prioritert for revisjon grunna kopling til KTP-Luster.

Den mest sentrale temaplanen avdeling for oppvekst og fritid har, er kommunal språkplan for barnehagane og skulane i Luster. Denne blei vedtatt 2019 og planstrategien legg opp til at den vert stadfesta for inneverande kommunestyreperiode.

**Helse og omsorgsavdelinga** har tre temaplanar som skal handsamast i perioden.

Ruspolitisk handlingsplan utarbeidast i samarbeid med servicetorget og skal vedtakast i 2020. Bustadsosial handlingsplan er planlagt revidert i 2021.

Den mest sentrale temaplanen er Helse og omsorgsplan, og denne må reviderast i 2021. Ein håpar at kommuneplanens samfunnsdel har lagt/ er i ferd med å avklare overordna føringar som vert lagt til grunn for Helse- og omsorgsplanen.

Handlingsplan for barnefattigdom er utarbeidd.

**Kommunelegen** har ansvaret for blant anna pandemiplan, smittevernplan og beredskapsplan helse. Alle desse var sist revidert i 2019 er satt opp til revisjon høsten 2020. Grunna situasjonen med Corona er det usikkert om det er kapasitet til å gjennomføre revisjon det inneverande året.

**Landbruksavdelinga** har mange planar av ymse slag. Blant anna har verneområdene eigne forvaltningsplanar. Disse planane blir hovudsakelig utarbeida og finansiert av staten, men det må påreknast litt tid og ressursar til medverking og oppfølging.

Dersom ein set i gang kommunedelplan for naturmangfald, bør ein vurdere om nokon av planane som ligg til landbruk kan implementerast der.

Kommunal tiltaksstrategi for økonomiske verkemidlar i landbruket må utvidast i samband med revisjon i løpet av 2020 for å få nye tilskottsordningar.

Plan for forvaltning av hjortevilt er også høgt prioritert da den er nødvendig for tildeling av hjortefelleløyve. Revisjon vil starte opp i 2020 og vedtakast i 2021.

Besøksstrategi Nigardsbreen er viktig for å få tilskotsmidlar og må reviderast i løpet av 2020.

**Kulturavdelinga** har ansvar for plan for lokale kulturhus saman med eigedomsavdelinga. Dei lokale kulturhusa er viktige møteplassar rundt i bygdene, og drift og vedlikehald er avgjerande for kor godt dei fungerer. Det vert lagt opp til revisjon av denne planen i 2022.

### **Kulturarbeid planavdelinga**

I 2020 vart stillinga som verdsarvkoordinator lagt til Luster kommune og planavdelinga. Dette har gjort til at kommunen har fått eit større ansvar for arbeidet med verdsarven på Ornes. Førbeles gjer dette seg utslag i at kommunen i større grad er ein del av arbeidet med ein buffersoneplan rundt Ornes.

### **Reguleringsplanar**

Reguleringsplanar kan delast i områdereguleringar og detaljreguleringar. Områdereguleringar viser som regel arealbruk på eit meir overordna nivå enn detaljreguleringar. Difor er områdereguleringar mindre vanleg, då det overordna nivået er sett i kommuneplanens arealdel. Luster kommune har ikkje gjeldande områdereguleringar pr. dags dato, men kommunen har fått midlar til å lage ein områdereguleringsplan på Hafslo. Dette er arbeid som har vorte prioritert i planprogrammet, og som administrasjonen ser på som arbeid av høg prioritet dei neste par åra. Arbeidet var i oppstartsfasen då koronasituasjonen sette inn. Ein håpar å kunne ta tak i dette frå sommaren av igjen. Avgrensinga av områdeplanen er ikkje heilt sett endå, då målet er ein plan som kan fange opp og avklare mange behov og utfordringar på Hafslo, samt at ein får revidert fleire eldre planar.

Planprogrammet har definert fleire detaljplanar som skal prioriterast. Reguleringsplan for treningsfeltet (Grandmo – Bruflat) er ein av dei. I samband med oppstart av denne, konkluderte administrasjonen med at det var eit behov for revisjon av gjeldande plan for Bruflat bustadfelt og plan for etablering av gangfelt ved Øyagata. Dette var eit prosjekt som vart delt i to, der det er valt konsulent som skal utarbeide desse planane. Begge skal vere klare til handsaming i løpet av hausten 2020.



Reguleringsplan for Solvorn kyrkje skal vere med å løyse noko av parkeringsproblematikken i Solvorn. Denne planen er utarbeidd av administrasjonen, og ein håpar at den er klar til handsaming før ferien i 2020.

For Luster kommune har det å ha klare bustader i kommunen vore ein prioritet. På Hafslo er det brukbart med tilbod på bustadtomter, og det er fleire initiativ på gang frå private. Administrasjonen meiner dessutan at områdeplanen vil bidra til ytterlegare tilretteleggingar her. I Gaupne så er reguleringsplan på treningsfeltet i gang, samt at Salen ligg litt på vent til det vert ei avklaring om utvidinga av barnehagetilbodet. Grindane 1 ligg litt lengre fram i tid dersom ein ser til rekkefølgjekrav i kommuneplanens arealdel, men det er kome signal frå grunneigar om at han vil vurdere å fremme privat reguleringsplan på dette området. Luster kommune skal vere positiv til at private tek slike initiativ, og det kan vere aktuelt å sjå bort frå rekkefølgjekravet dersom me får ein privat plan for Grindane 1.

I grendene er tilbodet noko meir avgrensa. I Skjolden vert det jobba med gjennomføring av nye byggetrinn på Bolstadmoen, i Jostedalen er det ledig kapasitet i eksisterande felt, men på Indre Hafslo har ikkje kommunen att tomter. Utviding av Lundshaugen er så vidt starta opp. Her vurderer administrasjonen om ein skal gå for ei stor eller ei lita utbygging. Dette har med kapasitet på infrastruktur å gjere, samt grunneigar sine ønskje. Uansett vil arbeid med Lundshaugen vere i gang i frå hausten av.

Det har tidlegare vore gjeve politiske føringar om at reguleringsplan for Marheim skulle følgje reguleringsplan for treningsfeltet. Administrasjonen gjorde ei vurdering av at me var inne i ei fase der me ikkje kunne få for mange prosjekt gåande. Det vart difor ikkje bedt om tilbod på Marheim likt med treningsfeltet og Øyagata. Det er difor viktig at reguleringsplan for Marheim no vert trekt fram i planstrategien. Administrasjonen rår til at denne planen bør vente til 2021 av kapasitetsmessige grunnar, samt at det vert ei dyr utbygging. Er det eit klart politisk ønskje om å få denne i gang, skal administrasjonen starte med tilbodsgrunnlag i sommar.

Med revisjon av Lundshaugen og Marheim på sikt, vert det rådd til at området Vinda vert venta med til slutten av perioden, men at ein i forbindelse med planprogrammet til økonomiplanen gjer ei fortløpande vurdering av behovet.

Som ei oppfølging av stadanalysen i Gaupne, så er det vist til både behovet for ein reguleringsplan som på nytt ser på dei trafikale utfordringane i Gaupne, samt gangveg langs fv. 55 og bussparkering. I planoppsummeringa ligg desse som to planar, men det er mulig dei vert slått saman til ein plan. Dette er planarbeid som ein treng innleidd konsulent, og med tanke på oppfølging og kapasitet, rår kommunen til at dette arbeidet vert lagt til 2021, men med høg prioritet det året.

Av andre planar som bør nemnast spesielt, er ny reguleringsplan for fv. 55 frå Nes til Høyheimsvik. Der har kommunen hatt eit møte med VFK, som er i ferd med å starte opp eit forprosjekt. Det er uvisst når sjølve reguleringa startar, men kommunen meiner det er eit håp om at dette skjer i 2021.

Når det vart gjeve byggeløyve på Tungestølen, var dette under føresetna av at parkeringstilhøva vart ordna. Det er førebels ikkje komme ei avklaring på dette, og kommunen vil prioritere å setja i gang reguleringsplan for parkering ved Tungestølen for å få til ei avklaring her. Dette arbeidet vert starta opp i forbindelse med sumaren 2020.

Utover dette vert det vist til kommentar i tabellen. Det er viktig å ha i mente at i tillegg til desse planane som er initiert av kommunen, så kjem også dei private reguleringsplanane. Planavdelinga reknar med at det er om lag 10 planar som er under arbeid i kommunen, og at utover sumaren/hausten vil ein del av desse koma til handsaming. Reguleringsplan for nytt verdsarvsenter på Ornes er

eit eksempel på dette. Det er ikkje aktuelt å ta desse inn i planstrategien, men det påverkar i stor grad kapasiteten til planavdelinga.

Under fyljer ein tabell med planar og deira status gjennom perioden. Lista er ikkje å rekne som ein fullstendig oversikt over alle planane som eksisterer i kommunen.

Vedt. = siste gang vedtatt / utarbeida

F = ferdig / planen vil gjelde ut perioden

Plannamn	Ansvar	Vedt.	Framdrift								Merknad	
			Oppstart				Vedtak					F
			20	21	22	23	20	21	22	23		
<b>Overordna planar og kommunedelplanar</b>												
Kommuneplanens samfunnsdel	Plan	2017	X						X		KPS har høgst prioritet blant overordna planar.	
Kommuneplanens arealdel	Plan	2019			X						KPA stadfesta for noverande periode, men skal starte rev.	
Kommunedelplan vassforsyning 2011 - 2020	Eigedom	2015	X				X				Revisjon i 2020.	
Kommunedelplan avlaup 2016 - 2025	Eigedom	2015		X					X		Revisjon i 2021.	
Kommunedelplan Trafikktrygging 2016 - 2028	Plan / Eigedom	2015	X				X				Høgt prioritert, revisjon er starta. Vedtakast ila 2020.	
Kommunedelplan for småkraftverk 2007		2007								X	Vert stadfesta vidare.	
Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 - 2032	LK / Kultur	2019			X					X	Høgt prioritert, viktig for å få tilskot. Oppstart 2022, vedtak 2023.	
Kommunedelplan kulturminne	Plan	1994	X					X			Vedtatt på høyring. Vedtak 2021. SMILordninga sentral.	
Kommunedelplan for mineralske råstoff	Plan	2012				X					Starter revisjon i slutten av perioden, vert stadfesta vidare	
Kommunedelplan naturmangfald	Plan/ Landbruk	Ny			X					X	I samband med utarbeiding vil ein ferdigstille temaplanen kjerneområde landbruk og kulturlandskap.	
<b>Temaplanar</b>												
Overordna ROS	Rådmann	2014	X				X				Høg prioritet, revisjon i 2020.	

Overordna beredskapsplan	Rådmann	2015		X					X						Revisjon naturleg oppfølging av ROS. Reviderast i 2021.
Handlingsplan for vald i nære relasjoner	Rådmann	2020	X					X							Under arbeid. Ferdig sommaren 2020.
Kommunalt skyssreglement	Oppvekst	2016											X		Gjelder ut perioden. Stadfesta.
Kommunal språkplan for barnehagane og skulane i Luster	Oppvekst	2019											X		Høg prioritet. Blei revidert i 2019 og vert stadfesta ut perioden.
Regional plan for arbeid med psykisk helse blant barn og unge	Oppvekst	2017											X		Fellesplan for region Sogn. Er stadfesta ut perioden.
Kommunal Transportplan. Grunnlagsdokument transport.	Plan og eigedom	2016	X					X							KTP under utarbeiding. Vedtak 2020.
Kommunal plan for inkluderande barnehage- og skulemiljø	Oppvekst	2018											X		Stadfesta.
Kommunal plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning	Oppvekst	2020	X					X							Ferdig ila. 2020.
Plan for skule og fritidsordning	Oppvekst	2018	X					X							Revisjon i 2020.
Ruspolitisk handlingsplan 2020 - 2023	Helse og omsorg / servicetorget	2016	X					X							Utarbeiding av ny plan har starta. Politisk behandling i 2020.
Bustadsosial handlingsplan for åra 2015 - 2019	Helse og omsorg	2015		X					X						Bli revidert i 2021.
Helse og omsorgsplan for 2010 - 2021	Helse og omsorg	2009		X					X						Høgt prioritert. Planlagt revisjon i 2021. KPS grunnlag.
Plan for legetenesta	Helse og omsorg	2018		X					X						Blei revidert i 2018 og vert stadfesta vidare.
Overordna beredskapsplan for helse, sosial og omsorg	Kommuneoverlege														Sist revidert 2019, neste revisjon planlagt 2020.
Plan for habilitering og rehabilitering	Rådmann / Helse og omsorg	2018											X		Blei vedtatt i 2018 og vert stadfesta vidare.
Handlingsplan for barnefattigdom	Rådmann / Helse og omsorg	2020	X					X							
Pandemiplan	Kommuneoverlege	2019													Reviderast etter behov vurdert av kommuneoverlegen.
Smittevernplan	Kommuneoverlege	2019													Reviderast etter behov vurdert av kommuneoverlegen.

Beredskapsplan helse	Kommuneoverlege	2019											Reviderast etter behov vurdert av kommuneoverlegen.
Plan for forvaltning av fiske	Landbruk og naturforvaltning	1996										X	Ikkje prioritet, stadfesta vidare.
Kommunal tiltaksstrategi for økonomiske verkemidlar i landbruket 2017 - 2020 (SMIL og NMSK)	Landbruk og naturforvaltning	2017	X				X						Høg prioritet. Rev 2020 pga nye tilskuddsordningar.
Kjerneområde landbruk og kulturlandskap	Landbruk og naturforvaltning				X							X	Planen ferdigstillast i samband med kommunedelplan naturmangfald.
Plan for forvaltning av hjortevilt	Landbruk og naturforvaltning		X						X				Høg prioritet pga fellingsløyvene. Oppstart 2020 vedtak i 2021.
Hovudplan for skogsvegar i Luster kommune	Landbruk og naturforvaltning	2013										X	Viktig for statstilskudd til skogsvegar, stadfestast vidare.
Forvaltningsplan for verneområde: Loi	Landbruk og naturforvaltning			X									Forskrift.
Forvaltningsplan for verneområde: Bargarden	Landbruk og naturforvaltning											X	Forskrift stadfesta vidare.
Forvaltningsplan for verneområde: Ytamoen	Landbruk og naturforvaltning											X	Forskrift stadfesta vidare.
Forvaltningsplan for verneområde: Luster almenning	Landbruk og naturforvaltning											X	Forskrift stadfesta vidare.
Forvaltningsplan for verneområde: Yngsdalen	Landbruk og naturforvaltning					X							Forskrift.
Forvaltningsplan for Drægismorki / Yttrismorki naturreservat	Landbruk og naturforvaltning			X									Forskrift.
Besøksstrategi Nigardsbreen	Landbruk og naturforvaltning		X				X						Viktig jf utfordringar med sikring.
Beredskapsplan ved akutte rovviltskader	Landbruk og naturforvaltning	2002										X	Viktig. Vert stadfesta vidare.
Buffersoneplan Ornes	Plan mm		X						X				Buffersone med stavkyrkja som utgangspunkt, er igangsett. LK, FMF, Riksant

Plan for lokale kulturhus 2010 - 2021	Kultur	2013									X	Retningsgivande for bruk av tilskotsmidlar. Vert stadfesta.
Plan for friluftslivets ferdselsårer	Kultur / mm	Ny		X						X		Grunnlag for spelemiddelsøknadar og arealdelen.
<b>Strategi og plandokument jf. Kommuneplanen sin samfunnsdel</b>												
Gjennomgang drift av samfunnshus og private forsamlingshus	Eigedom / Kultur				X					X		
Strategi for anlegg og vedlikehald av alle offentlege park / grøntområde	Plan / eigedom / Teknisk drift	2020									X	Blei vedtatt i 2020, stadfesta vidare.
Grunnlagsdokument for nærings saker / Landbrukssaker i kvar valperiode	Næring	2014										Årlig rullering.
Regional strategi for samarbeidet i Sogn regionråd sitt område	Sogn regionråd											
Strategi for integrering av arbeidsinnvandrarar og flyktningar 2015 - 2019	Helse og omsorg	2015		X						X		Planlagt revisjon i 2021.

#### Reguleringsplanar:

Plannamn	Initiativ	Plaleggjar	Framdrift							Merknad		
			Oppstart				Vedtak				F	
Kommunale reguleringsplanar			20	21	22	23	20	21	22	23		
Områdeplan Hafslø	Lk	Kons/ LK	X					X				Høg prioritet, motteke tilskott. Blanding av detaljering og overordna vurdering.
Reguleringsplan Bruflat - Grandmo	LK	Kons	X					X				Oppstart 2020, vedtak 2021. Store investeringar i VA anlegg.
Reguleringsplan Øyagata med Bruflat bustadfelt	LK	Kons/ LK	X					X				Oppstarts 2020, vedtak 2021. Fortau Øyagata/ rev Bruflat bustadfelt.

Reguleringsplan Solvorn kyrkje	LK	LK	X				X					Omregulering for å auke talet på parkeringsplassar.
Reguleringsplan Lundshaugen II	LK	LK	X					X				Byrja med prinsippsak om storleiken. Maks utbygging krev auka VA-kapasitet.
Reguleringsplan Flahammarskjæret	LK	Kons/ LK			X							Bandlagt for regulering i KPA 2019. Muleg oppstart 2022.
Reguleringsplan Gaupne sentrum, trafikkavvikling	LK	Kons		X					X			Krev konsulentbistand. Interne ressursar til oppfølging medfører oppstart 2021.
Reguleringsplan parkeringsareal Tungestølen	LK	LK	X					X				Villkår fastsett i rammeløyve. Oppstart 2020.
Reguleringsplan Marheim	LK	Kons		X					X			Store grunnlagsinvesteringar. Tidlegast 2021 grunna interne ressursar.
Reguleringsplan Gjerde	LK	LK						X				Framlegg 2016, ikkje vedtatt. Muleg offentleg ettersyn i 2020/ vedtak 2021.
Reguleringsplan Heggemyrane	LK	LK		X					X			Revisjon av planen med tanke på utvikling i tilknytning til Heggemyrane.
Reguleringsplan Vinda	LK	Kons			X							Store grunnlagsinvesteringar. Tidlegast 2023, må vurdere behov.
Reguleringsplan Ornes - Bakkane	LK	LK/ kons			X							Behov for regulering vurderast når "Buffersoneplan" er fullført. Tidlegast 2022.
Reguleringsplan Hafslo Prestegard	LK	LK										Behov må sjåast i samanheng med andre prosjekt på Hafslo, jf også områdeplan.
Reguleringsplan Jostedal, Haugåsen	LK	LK										Utviding av eks bustadområde. Ikkje fullbygt, behovsvurderast.
Reguleringsplan Fortun sentrum	LK	Kons			X				X			Føremål: Trafikk- og kryssløysning, oppstart 2022.
Reguleringsplan Nedre del av Engjadalselvi, friområde med badeplass og småbåthamn	LK	Plan	X					X				Omregulering. Oppfølging av stadanalyse Gaupne. Oppstart 2020.
Reguleringsplan Grindane 1	LK				X					X		Noko fram i tid grunna rekkjefølgje. Tidlegare oppstart ved privat initiativ.
FV55 Nes-Høyheimsvik	LK	VFK		X					X			Forprosjekt iverksett frå Vestland Fylkeskommune. Oppstart 2021, vedtak 2022.

Reguleringsendring, utebarnehage	LK	LK	X					X					Prioritet når plassering er endeleg fastlagd.
Luster, Dale sentrum - Døsen	LK	VFK/ kons				X							Omregulering. Samarbeid med VFK, Jf Dale sentrum.
Gaupne, gangveg langs Fv55, Pyramiden - Jostedøla / Oppstillingsplass for bussar	Lk	Kons											Reguleringsendring. Sjøast saman med trafikkavvikling Gaupne sentrum?
Indre Hafslo oppvekstsenter, aktivitetsområde	LK				X						X		Regulering av LNF område til friområde, ev privat avtale.
<b>Reguleringsplanar fremja og utartbeidd av private</b>													
Desse må handsamast fortløpande med dertil ressursbruk													